

Våt friluftsdag

08.09.2011



Ein herleg dag! (Foto Anne Kari Enes)

118 små og store trassa regnveret og vermeldarane sitt råd om å halda seg inne . Dei tok turen til Tveitedalen bak Nåso og deltok på Kom deg ut-dagen i regi av Bogeskyttarlaget, Sportsfiskaren, Speidaren og Kvinnherad Turlag

Siv Framnes frå Uskedalen Dei friske deltakarane hadde kledd seg etter veret og fekk serverar kaffe (Foto. Anne Karin prøva kanopadling, bogeskyting, slakk line, og fiske. Enes)

Grunna mykje væte vart klatringa kutta ut.

Men store og små virka godt nøgd med å koma seg ut og kanskje fekk nokon meirsmak på friluftslivet. Arrangørane var nøgd med dagen og oppslutnaden.

Tveitedalen eignar seg godt til ulike friluftsaktivitetar også sommarstid.